



Vest-Telemarkrådet

Høring: Felles klimaplan for Vest-Telemark er lagt ut på høring

Vest-Telemarkkommunane har gått saman om å utarbeide felles kommunedelplan for klima 2022-2030.

1. Høyringsutkastet til klimaplan blir nå lagt ut på høring og offentleg ettersyn i medhald av pbl §§ 9-3 og 11-14.
2. Høyringsfrist vert sett 20. februar 2022.
3. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for høyringsprosessen og ansvarleg for å gjennomføre høringa i tråd med saksutgreiinga.

Vedtak om høring og offentleg ettersyn vart fatta i desse utvala:

Formannskapet i Tokke kommune 24. november 2021

Formannskapet i Kviteseid kommune 25. november 2021

Hovudutvalet for plan og miljø i Fyresdal kommune 30. november 2021

Formannskapet i Nissedal kommune 2. desember 2021.

Samfunnsutvalet i Seljord kommune 8. desember 2021

Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune 8. desember 2021

Planen sin visjon: ***Vest-Telemark - ein region med berekraftig framtid.***

Planen sine hovudmål:

1. Kommunane i Vest-Telemark skal redusere det totale klimagassutsleppet, både frå eiga drift og frå regionen.
2. Kommunane i Vest-Telemark skal rettleie og motivere næringslivet inkludert landbruksnæringa til å redusere klimagassutslepp og drive berekraftig verdiskaping.
3. Kommunane i Vest-Telemark skal i samarbeid med aktuelle aktørar drive kunnskapsformidling og haldningsskapande arbeid i lokalsamfunnet.

For å jobbe mot planen si hovudmålsetting er det utarbeidd målsettingar og konkrete tiltak i ein handlingsplan knytt til desse områda:

- Arealforvalting
- Jordbruk
- Skogbruk
- Sirkulærøkonomi og avfall
- Transport
- Kommunale innkjøp
- ENØK

Vi inviterer innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og offentlige organ til å koma med innspel. Det kan vera kommentarar både til sjølve planen og til handlingdelen.

Høyringsutkast til klimaplan finn du her www.vt-radet.no/klimaplan

Høyringsfrist 20. februar 2022

Innspel kan sendast til post@vt-radet.no eller Vest-Telemarkrådet, Kviteseidgata 18, 3850 Kviteseid. Høyringsinnspel blir fortløpande lagt ut på nettsidene.

Med venleg helsing
Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar

Mobil: 402 38 178

Epost: aa@vt-radet.no

Nett: www.vt-radet.no

